

## **Sluttrapport for ”Bibliotek med nye oppgaver” – desember 2002**

### **Nye oppgaver med breiband i biblioteka**

Kva for nye tenester kan biblioteka tilby ved å bruke pc-basert videoteknologi basert på breiband? Korleis bør rammene vere for å tilby desse tenestene? ”Bibliotek med nye oppgaver” handlar om å prøve ut folkebiblioteka som arena for tovegs kommunikasjon i sann tid. Forprosjektet er eit samarbeid mellom Mediesenteret, Høgskolen i Bergen og Hordaland Fylkesbibliotek.

I løpet av prosjektperioden frå mai til november er det prøvd ut forskjellige aktivitetar i virtuelle møteplassar med tovegs lyd- og biletkommunikasjon og webbasert informasjon. Ulike typar nettverk og teknologiske løysingar er testa. På følgjande nettstad er informasjon om aktivitetane samla og presentert: [http://home.hib.no/mediesenter/dig\\_bib/](http://home.hib.no/mediesenter/dig_bib/)

Vi har arrangert ein manusworkshop kor vi såg på korleis video- og pcbaserte videokonferansar kan nyttast i medieundervisning for døve. Vi har òg prøvd ut korleis videokonferanse med ein forfattar og eit opplegg på web kan brukast i formidling av leselyst til barn. Den tredje tenesta vi har testa i dette forprosjektet, er møteverksemd i videokonferansar mellom nabokommunar. Gjennom aktivitetane og evalueringane av dei har vi fått innsikt og erfaringar med folkebiblioteket som arena for ulike typar kommunikasjon i sanntid.

Evalueringane av dei tre aktivitetane er svært positive. Forprosjektet har synleggjort tenester som kan styrke folkebiblioteket som møteplass og verkstad for utdanning, formidlar av oppleving og underholdning, og ressurscenter for kommunikasjon og møteverksemd. Aktivitetane har dessutan fått fram mange idear og tenester som vil bli utvikla vidare.

Resultata av dette forprosjektet er eit godt grunnlag for å arbeide vidare med nye oppgaver i biblioteka i Hordaland.

## Manusworkshop for døve



### Målsetting

Målet med denne delen av forprosjektet var å teste video- og pcbaserte videokonferansar i medieundervisning for døve. Korleis kan døve barn og unge nytte denne teknologien i undervisningssituasjonar? Kan workshop mellom medie-elevar og ein regissør via videokonferanse vere ein spanande og tenleg del av undervisninga?

### Mzoon - samarbeid med Norsk filminstitutt

Mzoon, <http://www.mzoon.no/> er ei nett-teneste for medieinteressert ungdom mellom 13 og 19 som mellom anna Norsk filminstitutt og Læringscenteret står bak. Her kan ein lære å lage film, musikk, skrive artiklar og publisere egne produksjonar.

Medie-elevar ved Bjørkåsen videregående skole for døve har nytta mzoon i si undervisning. I haust har nokre av elevane fått møte regissør Thale Persen i ein workshop. Elevane har arbeidd med filmmanus som Thale Persen har fått sett på førehand.



### Testing av utstyr

For å få erfaring med videokonferansesystemet blei det satt opp eit kamera på Bjørkåsen videregående skole og eitt på Mediesenteret ved Høgskolen i Bergen. 12. september var to av elevane på Mediesenteret og hadde ein time med "Lokalisasjon"<sup>1</sup> saman med læraren og medelevar som satt på Bjørkåsen. Konferansen gikk svært bra. Elevar og lærarar skreiv i etterkant ei oppsummering (Sjå vedlegg 1)

Video og evaluering finst også via: [http://home.hib.no/mediesenter/dig\\_bib/mzoon12\\_09.htm](http://home.hib.no/mediesenter/dig_bib/mzoon12_09.htm)

### 25. september, tid for manusworkshop

---

<sup>1</sup> Lokalisasjon handlar om plassering av teikn i rommet i forhold til settinga. Teiknspråk er eit tredimensjonalt språk!



Elevane ved Bjørkåsen vgs i Bergen og regissør Thale Persen i eit ”studio” i Oslo møttest til manusworkshop 25. september. Elevane satt framfor ein pc-skjerm og samtalte med regissøren via teiknspråk og døvetolk. Anne Kari, Britt Irene og Vivi fekk høve til å stille spørsmål til regissøren som gav tilbakemeldingar på ideane deira til filmmanus og kva dei bør tenke på når ein idé skal bli til film.

”Det er viktig å gjere filmen så tydeleg som mulig”, rådar Thale jentene, som får ros for konkrete og ’stramme’ idear. Hovudpersonen i filmen til Anne Kari blir mobba fordi han er dårlig i teiknspråk. ”Men korleis skal du filme slik at vi som ikkje er døve skjønner dette?” spør Thale.

Døvetolk Marianne Michelet satt i Oslo og satte om kommentarane til Thale og elevane.

Forutan litt hakkete bilete frå Oslo gjekk konferansen svært bra. Elevane kunne samanlikne med utstyr dei hadde prøvd før og framheva at den gode kvaliteten på lyd og bilete gjorde at dei såg ansiktsuttrykk og alle rørsler tydeleg. I manusworkshopen trong dei ikkje å ”snakke seint”! Dei opplevde denne møteforma som god og hadde ikkje noko problem med å slappe av framfor kameraet. ”... Vi slappet godt av foran kameraet, det følte veldig behagelig, nesten som om jeg sto foran personen i virkeligheten. Helt topp....” (Frå ein av elevane si evaluering). Læraren deira såg òg svært positivt på denne forma for undervisning.

Sjå elevane si oppsummering. (Vedlegg 2)

Teknisk oppsummering (Vedlegg 3)

Omtale på Skolenettet (Vedlegg 4)

Video og oppsummering av erfaringar med det tekniske utstyret:

[http://home.hib.no/mediesenter/dig\\_bib/mzoon25\\_09.htm](http://home.hib.no/mediesenter/dig_bib/mzoon25_09.htm)

## Vidareføring

Bjørkåsen videregående skole for døve ønskjer å arbeide vidare med bruk av videokonferansar via pc og har no mellom anna innleia eit videokonferansesamarbeid med skular i Finland, Tsjekkia og England.

## Forfattarmøte



### Målsetting

I denne delen prøvde vi ut ein videokonferanse med ein forfattar i folkebiblioteket og eit opplegg på web i formidlinga av leselest til barn. Korleis kan ein kombinere denne metoden med tradisjonelle metodar for å vekke nysgjerrigheita og leseglede til barn? Kan denne forma for møte med ein forfattar gi leselest og skape eit forhold til ein forfattar/forteljingar blant barn?

### Samarbeid med Rune Belsvik

Rune Belsvik kjem fra Stord og er busett i Kristiansand. Han har skriva bøker for både barn, unge og vaksne og har motteke fleire litteraturprisar. Han likar å møte lesarane sine, men er ikkje så glad i å reise og vere borte frå familien. Difor var denne utprøvinga interessant for han også og han sa ja til å vere med på forprosjektet med det same han blei spurd.

Belsvik har skriva fem bøker om Dustefjerten. Bøkene er kjende for mange, mellom anna gjennom Barnetimen. Forteljingane om livet til Dustefjerten og naboane hans i eit lite land ved ein bekk appellerer til dei minste, men og til vaksne lesarar og tilhøyrarar. Forteljingane inneheld humoristiske skildringar av mellommenneskelege relasjonar og situasjonar som alle kan kjenne seg att i same kva for aldersgruppe ein høyrer til.

I juli blei det filma eit intervju av Belsvik i Kristiansand, og videobitar av intervjuet blei lagt ut på ei eige Dustefjertsida på forprosjektet sin nettstad.

### Førebuingar i Jondal

Jondal kommune ligg i Hardanger og har om lag 1100 innbyggjarar. Frå Bergen sentrum er det ei reisetid på to timar som inkluderer ein ferjetur på 20 min. Folkebiblioteket ligg i barne- og ungdomsskulen og har gjennom eit breibandprosjekt med støtte frå Statens bibliotektilsyn fått ei eige Datastove som blir brukt av alle innbyggjarane i kommunen.

Biblioteksjef ved Jondal folkeboksamling, Merethe Gauden, har hatt elevane i 1. – 4. klasse ved Jondal skule på faste besøk i biblioteket frå september. Biblioteksjefen har lese frå Dustefjertforteljingane og prata med elevane om det dei har lese, om forfattaren og om det å skriva forteljingar. Gjennom presentasjonen på nettstaden til forprosjektet har elevane sett videoklipp av Belsvik der han svarar på spørsmål om Dustefjerten. I tida fram mot videokonferansen har dei òg teikna til forteljingane og laga eit landskap i formingstimane av landet ved bekken.

## Det store stilige Dustefjertmøtet i Jondal



8. november kjem dei 41 elevane i 1. – 4 klasse ved Jondal skule til Datastova i biblioteket for å møte mannen bak forteljingane dei har blitt kjende med utover hausten. Etter ei oppvarming med biblioteksjefen dukkar Rune Belsvik opp på skjermen og pratar med elevane og les for dei.

Etterpå sit ein og ein av elevane i spørjestolen og stiller spørsmål til Rune som han svarar på. Rune får òg sjå bilete av landet ved bekken som elevane har laga i formingstimane og snakke med elevane som har vore med å lage landskapet. Til slutt syng elevane ein song til Rune og han synest dei er veldig flinke som både kan stille fine spørsmål, lage flotte figurar og syngje fine songar.

### ”Å leika at vi møttest”

Møtet mellom Rune Belsvik og elevane ved Jondal skule var svært vellukka. Frå den augneblinken han dukka opp på skjermen var det god kontakt mellom han og elevane. Biblioteksjefen skriv i si evaluering:

”..Å treffa Belsvik på denne måten vart ei stor oppleving. Eg sat att med inntrykket av at elevane gløymde kor dei var, og kor Belsvik var. Impulsive tilrop frå salen viste at elevane opplevde stunda som spontan og nær. Dei har i ettertid snakka mykje om dette, men det har ikkje kome kommentarar på den tekniske delen; at han ikkje eigentleg var her hos oss...”

Rune Belsvik er òg positiv i si evaluering av videokonferansen. Han syntest dette var ei møteoppleving han godt kan tenke seg å gjere det om att. For han var lyden eit svakt punkt. Av og til hadde han problem med å få med seg spørsmåla frå elevane. Han skriv mellom anna:

”Det var som å leika at vi møttest. Litt artig og litt framandt... Eg gjekk ørlite glipp av det "spontane" fordi eg var avhengig av kor kamera var retta, og lyden var kanskje det veikaste punktet. Den var stundom uklar, og fleire stemmer om gongen blei berre "surr". ...For meg betyr det mykje å sleppa lange reiser. På denne måten kunne eg møtt mange fleire elevar enn eg elles har krefter til.”

Belsvik skriv og at han kan tenke seg å prøve videokonferansar med vaksne;

”Eg trur det ville fungert betre med vaksne, fordi vi har eit større "saklegheitsnivå", og snakkar noko mindre med kropp og mimikk og i munnen på kvarandre.”

For oss andre som var med på videokonferansen føltet det som eit verkeleg møte med forfattaren. Frå Oktava-Lena si evaluering (sjå vedlegg 5);

”..Møtte elevane og vi verkeleg Rune Belsvik? Møtte han oss? Vi såg og hørde han så tydeleg, blei så engasjerte i samtalen at vi skvatt til når han blei slått av og forsvann frå skjermen. Vi kjenner at vi

hadde lyst å gå fram til han og gi han noko for innsatsen. Kanskje ein blome, kanskje ein klem? Det går ikkje an via Tandberg 6000, projector og linjer, om Lasse er aldri så flink.

Sjølvsagt har vi møtt kvarandre! Kontakten mellom ungane og han er på plass frå han dukkar opp i rommet. Han har vore i biblioteket i Jondal med *nesten* heile seg; med smil, stemme, latter og kaffikopp. Mathilde og dei andre har vore i Kristiansand med *nesten* heile seg; med nokre manglande fortenner, fnis og latter, spontane utspel. Ungane seier det var kjekt å møte han, og Rune seier det var kjekt å møte dei. Om han kjem att ein dag for å forsikre seg om at dei er flinke og et mykje pudding og marsipan, vil han heilt sikkert seie ”Takk for sist!”...

Lærarane og biblioteksjefen peikar på at førebuingane til videokonferansen var viktige for at dette blei vellukka. Interesse for Dustefjerten og Belsvik var vekka på førehand, og dei hadde mykje å prate med forfattaren om. Med haustens Dustefjertprosjekt har elevane etablert eit forhold til bøkene og forfattaren som lærarane trur vil vare.

Forfattarmøte på denne måten bør sjåast på som eit supplement, ikkje ei erstatning for verkelege møte med forfattarar. Videokonferansar med forfattarar i folkebiblioteket opnar for at elevar og andre kan møte kjende og spanande personar som dei elles ikkje ville ha møtt. Ut frå denne testen er det liten tvil om at opplegg på web og forfattarmøte på denne måten kan vere ein stor inspirasjon og eit sterkt bidrag til å formidle leselyst.

Sjå heile historia og bilete frå Dustefjertmøtet her: [http://home.hib.no/mediesenter/dig\\_bib/Jondal.htm](http://home.hib.no/mediesenter/dig_bib/Jondal.htm)

### **Erfaringar med det tekniske utstyret**

I forfattarmøtet i Jondal brukte vi Tandberg6000 kopla til ein projector (Epson, 2000 AL). Rune Belsvik hadde same type videokonferanseutstyr framfor seg i Kristiansand. Utstyret fungerte bra. Kvaliteten på lyd og bilete var veldig bra for oss i Jondal. Belsvik hadde litt problem med lyden frå si side<sup>2</sup>.

I Tandberg6000 kan video tas inn også, som var praktisk når vi viste Belsvik bilete av landskapet som elevane hadde laga. Ein stillegåande projector med god lysstyrke var og praktisk i denne samanhengen.

Omtale i Hordaland Folkeblad 1 (vedlegg 6)

Omtale i Hordaland Folkeblad 2 (vedlegg 7)

### **Vidareføring**

Jondal kommune ønskjer å skaffe videokonferanseutstyr og ha dette som eit fast tilbod i folkebiblioteket. Dei tenkjer seg mange moglege aktivitetar i møte med andre via videokonferanseutstyr. Datastova opnar for videokonferansar der ein kan kombinere samtale via skjerm og aktivitet på maskinar - Internett, som kan vere nyttig til dømes i kursverksemd.

Jondal kommune er òg i gang med eit nærare biblioteksamarbeid med Kvam herad, der bruk av videokonferansar til ulike aktivitetar er eitt satsingsområde for å samordne og utvikle felles bibliotektenester. Samarbeidsavtalen og tilrettelegginga av dette arbeidet vil bli vidareført i 2003 i Hordaland fylkesbibliotek sitt prosjekt ”Breiband til alle i Hordaland”.

---

<sup>2</sup> Mind you; han møtte eit rom med 41 elevar, lærarar, NRK Hordaland, avisjournalistar og oss prosjektansvarlege

## Møteverksemd mellom tilsette i to nabokommunar



### Realkompetansevurdering som utgangspunkt

Utgangspunktet for denne delen av forprosjektet var å teste realkompetansevurdering av vaksne utdanningssøkjjarar ved bruk av videokonferansar. Realkompetansevurdering er eit tilbod til vaksne som ønskjer å setje i gang med høgare utdanning, men ikkje har formelt godkjend kompetanse som grunnlag. Vurderinga blir gjort med eit intervju av den som søker utdanning, og realkompetansesentra i kvart fylke tar seg av desse intervjuane. I Hordaland er det fleire realkompetansesenter. I nokre kommunar har ein likevel lang reiseveg for å få ei slik vurdering. Difor ønskte vi å teste om dette kan vere er eit tenleg tilbod i folkebiblioteket til innbyggjarane i ein kommune. I Hardangerregionen ligg Realkompetansesenteret i Odda, og videokonferanseutstyr blei plassert i Odda bibliotek og i Kvam folkeboksamling. Kommunane ligg på kvar si side av Hardangerfjorden, om lag ei times båtreise i mellom.

Involverte partar ønskte imidlertid ikkje å gjere intervjuet i videokonferanse, difor blei aktiviteten endra til å teste møteverksemd mellom tilsette i Odda kommune og Kvam herad.

### Ny målsetting

Målsettinga blei no å teste om videokonferansar mellom kommunane kan vere ei nyttig teneste for dei tilsette, og om folkebiblioteket er eigna som arena for slik møteverksemd. I Kvam herad ligg rådhuset om lag to hundre meter frå folkebiblioteket, og i Odda er rådhuset og biblioteket i same bygg. Folkebiblioteka har lik opningstid dei fleste dagane. Odda har fleire timar opne til saman enn Kvam, med lengre opningstider på kvardagane og opne kvar laurdag.

Tandberg1000-einingar blei plasserte i eigne rom i begge biblioteka, og utstyret satt opp til overføring per IP mellom dei to einingane<sup>3</sup>. Tilsette i dei to kommunane fekk invitasjon til å bruke utstyret mot å fylle ut eit evalueringsskjema etterpå. Ein kontaktperson i kvart bibliotek har tatt seg av tingingane og fleire av dei tilsette i biblioteka har lært seg å bruke utstyret.

### ”Kjensle av å vere nær”

Utstyret har stått i biblioteka i to månader. I perioden har det vore videokonferansar mellom tilsette i kommunane i mange ulike samanhengar. Det har til dømes vore møte mellom kinosjefane, tilsette i personalavdelingane, dei Pedagogisk-psykologisk tenestekontora (PPT-tenesta) og deltakarar i interkommunale prosjekt, som Kunnskapsnettverk i Indre Hordaland.

Evalueringane frå deltakarane er svært positive. Alle uttrykker at videokonferansane var ei positiv møteoppleving som dei ønskjer å gjenta. Dei opplevde møteforma som uvant i starten. Kommunikasjonen gjekk betre etter kvart. Fleire peikar på at forma gav ei større kjensle av å vere nær enn i ein telefonsamtale, og dei har hatt nytte av å kunne vise fram materiale via videoskjermen.

---

<sup>3</sup> Ikkje ukomplisert. Brannmurar ++. Problema med å få til overføring via breiband er ei nyttig erfaring også for dei involverte kommunane som ikkje har prøvd dette før. Kvam herad og Odda kommune har breiband basert på fiber og radioaksess med kapasitet på 2Mbit/s. Løysingane inngår ikkje i eit større breibandnettverk.

Augekontakt og kommunikasjon med både tale- og kroppsspråk ser ut til å gje møtedeltakarane ei sterk kjensle av samvær.

Omgevna den for videokonferansen blir framheva som viktig for deltakarene. Eit skjerma rom utan støy eller anna forstyring frå andre er naudsynt for å skape ro og fortruleg stemning. God plass rundt skjermen til papir, permar osv. blir og sett på som viktig.

Testpersonane frå begge kommunane svarer ja på spørsmålet om dette burde vore eit fast tilbod i folkebiblioteket, og ser for seg fleire aktivitetar med utstyret enn det som har vore testa i denne perioden. Den største fordel er å spare tid og kostnader på reising og å ha nær tilgang til dei andre ressursane i biblioteket. Ein praktisk føresetnad for at folkebiblioteket skal fungere som ressurscenter for kommunikasjon og møteverksemd, er tilfredsstillande opningstider.

### **Erfaringar med det tekniske utstyret**

Tandberg1000 eignar seg best til kommunikasjon ein-til-ein, eller nokre få deltakarar på kvar side. Overføringa mellom dei to einingane har vore stabil etter ein startfase med mykje problem. Kvaliteten på lyd og bilete har vore bra i alle konferansane. Nokre har opplevd forsinka lyd. Det er ei ulempe at ein ikkje kan kople Tandberg1000 til ein projector. Det avgrensar bruken av utstyret. Dei tilsette i biblioteka, som har lært seg å bruke utstyret, framhevar at det er svært enkelt å ta i bruk. Brukarmanualen er oversiktlig og forståeleg, og fjernkontrollen til utstyret er lik andre fjernkontrollar.

### **Vidareføring**

Odda kommune har bestemt å flytte si IT-stove med seks datamaskinar frå eit lokale i kommuneadministrasjonen til biblioteket. Lokalet som er brukt i testinga i dette forprosjektet, vil bli utvida med maskinane og dei vil kjøpe inn videokonferanseutstyr som skal stå plassert her. Utvidinga av tilbodet i biblioteket blir sett på som viktig i satsinga på interkommunale samarbeidsprosjekt i regionen.

Kvam folkeboksamling ønskjer òg å få videokonferanseutstyr som fast tilbod i biblioteket. Det vil bli vidare utprøving av videokonferansar i 2003 i samband med utviklinga av biblioteksamarbeidet med Jondal kommune og arbeidet med prosjektet Kunnskapsnettverk i Indre Hordaland.

Vi trur framleis at realkompetansevurdering via videokonferanse er ei teneste som kan vere nyttig for mange innbyggjarar i ein kommune og ønskjer å prøve ut dette.

## Sanntidskommunikasjon – ei nyttig teneste i biblioteka

Folkebiblioteka er for alle. Med breiband i folkebiblioteka kan alle få tilgang til informasjons- og kommunikasjonstenester basert på breibandsteknologi, uavhengig av bustad, alder, økonomi og utdanning. Breiband gjer det mogleg å forbetre og utvikle nye tenester og på denne måten utvide tilbodet i biblioteket til innbyggjarane i ein kommune. Den lave dørstokken til biblioteket er eit sterkt argument for å utvikle tenester basert på breiband her.

Erfaringane frå aktivitetane som er prøvd ut i ”Bibliotek med nye oppgåver” er heilt sentrale i utviklinga av desse tilboda i biblioteka i Hordaland. Erfaringane handlar både om ulike typar teknisk utstyr og samband mellom linjenettverk, - om møteforma videokonferanse, - om å kombinere aktivitetar med lyd- og biletkommunikasjon i sann tid og webbasert informasjon, og om biblioteket som arena for denne type kommunikasjon. Vi har fått viktig innsikt i korleis ein kan skape dei virtuelle møteplassane i biblioteket og kva type aktivitetar som eignar seg til dette.

Aktivitetane vi har prøvd ut er retta mot ulike brukar- og aldersgrupper. Det kan verke som barn og unge har mindre terskel for å ta i bruk dei nye måtane å kommunisere på. Dei tilpassar seg raskt forma og opplever eit møte via skjerm i sann tid som naturleg. Dei vaksne som har vore involvert i dette prosjektet er positive til møteforma, men uttrykker at dei trenger tid til å venne seg til denne måten og møtast på. Erfaringane med at utstyr ikkje blei tatt i bruk slik vi hadde tenkt, tyder og på at dette kan opplevast som uvant for mange. I vidareføringa blir det viktig å diskutere korleis ein kan presentere dei nye tenesta for å spreie det glade budskap om fordelane og muligheitene i å ta i bruk dei nye kommunikasjonsformene.

I Hordaland finst fleire breibandsutbyggjarar og innhaldsleverandørar å samarbeide med. Til dømes er fylkeskommunen si satsing i forhold til dei vidaregåande skulane på infrastruktur og innhald eit sterkt fundament å byggje vidare på. Erfaringsutveksling og samarbeid med andre både i og utanfor fylket blir heilt sentralt i det vidare arbeidet med nye tenester i biblioteka basert på breiband.

I løpet av prosjektperioden er det blitt skapt mange nye idear for anvendelse av breiband i biblioteket. Nokon har vi fått høve til å prøve ut men andre ligger der fortsatt som gode idear. Større kunnskap om kva som er mogleg har auka kreativiteten og mangfaldet i arbeidet med nye tenester. På bakgrunn av erfaringar frå dette prosjektet ønskjer vi å arbeide vidare med å utvikle tenester basert på pc-basert videoteknologi og breiband i biblioteka. Vi håper å få høve til å sjå nærare på tema som det ikkje blei høve til å jobbe med i dette forprosjektet.

Bergen 6/12 2002

-----  
Jostein Saakvitne  
Prosjektansvarlig

-----  
Henning Klafstad  
Prosjektleder